

WIS Holding AS

► **Planprogram Rota nord til Langholmsundet gbnr.
27/mfl, Næring**
Detaljregulering

Oppdragsnr.: 52307188 Dokumentnr.: PLAN-RAP-01 Revisjon: J01 Dato: 2025-03-26



Oppdragsgjevar: WIS Holding AS
Oppdragsgjevars kontaktperson: Bjørn Inge Igland
Rådgjevar: Norconsult Norge AS, [Norconsult Location]
Oppdragsleiar: Arne Kringlen
Fagansvarleg: Mona Hermannsen
Andre nøkkelpersonar: Alv Terje Fotland

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
J01	2025-03-10	Til gjennomsyn hjå kunde	MOHER	ATFOT	AKR
J01	2025-03-26	For bruk			AKR

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Innleiing og bakgrunn	3
1.2	Vurdering av utgreiingsplikt og krav til planprogram	6
2	Mål og rammar	8
2.1	Statlege føringar	8
2.2	Regionale føringar	9
2.3	Kommunale planar og føringar	11
2.3.1	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2023 og rullering av samfunnsdelen	11
2.3.2	Kommuneplanens arealdel 2017 – 2027 (KPA) og rullering av kommuneplanens arealdel	11
2.3.3	Plan for klima, berekraft og naturmangfald 2022-2032	13
2.3.4	Trafikktryggingssplan 2021-2023	13
2.4	Gjeldande reguleringsplanar	14
3	Nærare om tiltaket/ utgangspunktet for planarbeidet	15
4	Viktige tema i planarbeidet	18
5	Utgreiingsprogram	25
5.1	Innleiing	25
5.2	0 – alternativet og andre alternativ	25
5.3	Overordna metode	26
5.4	Metode - miljøtema	26
5.5	Metode – Arealbruksendringar og andre lokale og regionale verknader	28
5.6	Vurdering av måloppnåing	28
5.7	Andre relevante tema som vil inngå i planarbeidet	29
6	Framdriftsplan og medverknad/ koordinering	31
7	Vedlegg	32
7.1	RIM-01-RAP-Havland - Marinbiologisk undersøkelse	32
7.2	RIM-02-RAP-Havland - Miljøteknisk sedimentundersøkelse	32
7.3	RIM-03-RAP-Havland-datarapport-strømmålinger	32
7.4	RIM-01-NOT_Registrering av sjøfugl Florø-Rota mfl	32
7.5	RIM-02-NOT_naturtypekartlegging Florø - Rota mfl	32

1 Innleiing

1.1 Innleiing og bakgrunn

Nordaut for Florø sentrum ligg eit større næringsområde som blant anna inneheld oljeforsyningsbasen Fjord Base.

Vestre del av dette næringsområdet består av holmane; Perholmen, Gaddholmen og Naustholmen, der ein i tråd med ein gjeldande reguleringsplanar har gjort utfylling i sjø rundt ved / holmane for å etablere næringsareal. Havland har i dag eit stamfiskeanlegg og eit yngelanlegg for torsk, samt kontorbygg/hovudkontor i denne delen av næringsområdet og prosjektering av landbaserte anlegg for settefisk for torsk og bergylt pågåar. I tillegg ligg det føre konsesjon for matfiskanlegg for torsk.

Havland er eit dotterkonsern av WIS-Holding. WIS Holding ønskjer å utarbeide planforslag for å utvikle området rundt Havland vidare, både sør for dei nemnde holmane og på øya Rota lenger vest. Forslagsstillar jobbar med å utvikle ny berekraftig næring for å møte framtida innan matproduksjon med landbaserte oppdrettsanlegg. Ønsket er å kunne ha ulike typar anlegg for heile prosessen frå yngel til matfisk og slakteri/foredling samla på ein stad utan prosessforstyring. For å kunne oppnå dette treng dei meir næringsareal med sjøtilknytning.

WIS Holding har difor, ved hjelp av plankonsulenten Norconsult Norge AS, fremja to planinitativ for kommunen:

- Privat detaljregulering for Lyngholmen - Langholmsundet, gbnr 27/3 mfl, næring og veg, planID 20240008
- Privat detaljregulering for Rota Nord, del av gbnr. 27/20 m.fl., næring. PlanID 20240005

I området «Lyngholmen – Langholmsundet» er det foreslått ei endring av den eksisterande områdeplanen for Florelandet Nord. Føremålet med planendringa er å, gjennom utfylling, skaffe meir næringsareal sør for dei nemnde holmane og å etablere veg fram til Rota Sør (sjå Figur 1-2 i sørleg del av området, jamfør gjeldande føresegnar Florelandet Nord, rekkefølgekrav 2.1.. Administrasjonen i kommunen meinte at den planlagde endringa innebar ei vesentleg endring i høve til gjeldande områdeplan og spørsmålet om planoppstart vart difor lagt fram som planspørsmål i Plan- og miljøutvalet den 20.11.2024. Plan- og miljøutvalet vedtok:

«Plan og miljøutvalet tilrår å starte opp privat reguleringsarbeid på gbnr. 27/3 m.fl med sikte på utviding av næringsareal sørover og ny trase for offentleg veg til Rota»

Det vart deretter gjennomført oppstartsmøte med kommunen den 03.12.2024. Kommunen tilrådde då, i tråd med vedtaket, oppstart av planarbeid.


For «Rota Nord» er føremålet å regulere areal på nordsida av øya Rota til næringsareal. Massane i nordre del av Rota skal bli fjerna, slik at plassering av næringsområdet kan ligge avskjerma frå byen i sør. Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen den 17.09.2024. Kommunen tilrådde oppstart av planarbeid.

Overskotsmassar frå Rota Nord skal nyttast som utfyllingsmassar i området «Lyngholmen – Langholmsundet» og dette gir massebalanse. I området «Lyngholmen – Langholmsundet» vil ein og flytte offentleg veg i gjeldande reguleringsplan sørover og føre den heilt til Rota. Då det er så tett samanheng mellom planane både i høve infrastruktur og massebalanse, er det ønskeleg å regulere dei to områda i same plan. Planen vert fremja som ein privat detaljreguleringsplan.

Meir detaljert forklaring på tiltaka/ utgangspunkt for planarbeidet er beskrive i kapittel 3.




Figur 1-1: Plangrense (raud linje) for dei to planforslaga/ planinitiativa vist over gjeldande reguleringsplanar i området. Lilla område er område avsett til næring, blå område er ulike sjøformål.




Figur 1-2: Gult område er forslag til utfyllingsområde, gule linjer viser forslag til nye vegar. Bygg er berre eksempel på korleis området kan byggast ut. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

Området er ein prioritert og godt eigna stad for fiskesatsing. Detaljane for bruken av området er ikkje avklara på noverande tidspunkt, men tiltakshavar estimerer at ein kan potensielt forvente mange nye arbeidsplassar for produksjon av matfisk. Ved etablering av slakteri/foredling får ein etablert enno fleire arbeidsplassar innanfor same næring. Samla sett trengs det mykje areal til alt som skal skje i området. Ved å regulere arealet i Rota nord til næringsareal og utvikle dette samtidig med endringane i området «Lyngholmen – Langholmsundet», vil det vere mogleg for oppdragsgjevar å utvikle området innanfor rimeleg tid, og til konkurransedyktige vilkår.

Ved å etablere ei næringsklynge for landbasert oppdrett med ulike typar anlegg for heile prosessen frå yngel til matfisk og slakteri/ foredling på ein stad vil ein avgrense transportbehovet på vegnettet i regionen. Det er og sambrukseffektar ved å samle slike anlegg som teknologiutvikling, deling av ressursar m.m. Næringsklynga medfører også at ein fjernar transportbehovet internt mellom dei ulike fasane i matfiskproduksjonen, og dette gir null utslepp og fjernar sjukdomspress jf. Figur 1.4.



Figur 1-3: Status og plan for vidare investeringar



Figur 1-4: Skjematisk framstilling av bruken av området. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

1.2 Vurdering av utgreiingsplikt og krav til planprogram

Norconsult har vurdert om det er utgreiingsplikt etter forskrift om konsekvensutgreiingar i to notat begge datert 2024-04-30: «Detaljregulering for Florelandet nord, Næring - Vurdering av kriterie knytt til eventuelt krav til konsekvensutgreiing» og «Detaljregulering for Rota nord - Vurdering av kriterie knytt til eventuelt krav til konsekvensutgreiing»

I notatet for Florelandet Nord (no: Lyngholmen – Langholmsundet) vart det trekt følgjande konklusjon i notatet:

Etter ein samla gjennomgang av oppfangingskriteria er det vår vurdering at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar gjer seg gjeldande.

Vår vurdering er at tiltaket fell inn under forskrifta § 6 gjennom pkt. 24 i vedlegg I. Endring av områdereguleringsplanen skal difor både konsekvensutgreiast og ha eit planprogram.

Kommunen stilte seg bak konklusjonen om at det var krav om konsekvensutgreiing i oppstartsmøte den 10.12.24, jfr. referat frå møtet.

I notatet for Rota Nord vart det trekt følgjande konklusjon:

Etter ein samla gjennomgang av oppfangingskriteria er det vår vurdering at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar gjer seg gjeldande.

Vår vurdering er at tiltaket fell inn under forskrifta § 6 gjennom pkt. 8 og 24 i vedlegg I. Detaljreguleringsplanen skal difor både konsekvensutgreiast og ha eit planprogram.

Kommunen stilte seg bak konklusjonen om at det var krav om konsekvensutgreiing i oppstartsmøte den 17.09.24, jfr. referat frå møtet.

Det er altså krav om utarbeiding av planprogram. Dette dokumentet skal dekke dette kravet. I følgje forskrift om konsekvensutgreiingar §14 skal eit planprogram innehalde ei skildring av:

- a) planen eller tiltaket, det rørte området og dei problemstillingane som i den konkrete saken blir sett på som viktige for miljø og samfunn
- b) forholda som etter kapittel 5 skal utgreiast, og kva metodar som er tenkt nytta for å skaffe nødvendig kunnskap
- c) relevante og realistiske alternativ og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga
- d) plan- eller søknadsprosessen, med fristar i prosessen, deltakarar og plan for medverknad frå særleg rørte grupper og andre

Planprogrammet skal og innehalde kart over det rørte området.

2 Mål og rammar

2.1 Statlege føringar

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

Føremålet med retningslinjene er å sikre ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosessar.

Planlegginga skal, i følge retningslinjene, bidra *«til å utvikle bærekraftige byer og lokalsamfunn, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Planleggingen skal samtidig bidra til reduserte klimagassutslipp, et klimatilpasset samfunn og ivaretagelse av kulturmiljø og naturmangfold, samt redusere tapet av dyrket mark, natur-, villrein- og friluftsområder og karbonrike arealer.»* Planlegginga skal og *«legge til rette for tilstrekkelig boligbygging og næringsutvikling, med vekt på gode regionale løsnings»*.

Det er satt opp ei rekke generelle retningslinjer for å sikre dette. I tillegg er landet delt i to type regionar *«regioner med større byer»* og *«regioner med mindre tettsteder og spredtbygde strøk»*. Dei to områdetypene har noko ulike retningslinjer med noko strengare krav til mobilitet i den første kategorien (blant anna *«nullvekstmål»*). Kinn kommune/ Florø er plassert i den siste kategorien.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Føremålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesse i 100-metersbeltet langs sjøen. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ein berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål. Retningslinjene skal bidra til at det vert tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og at unødig bygging langs sjøen vert unngått. Strandsona gir grunnlag for næring og busetnad langs kysten, og god arealplanlegging kan gi grunnlag for økt verdiskaping og fleire lønnsame arbeidsplassar. Kommunane må balansere disse interessene i planlegginga.

Retningslinjene deler landet inn i tre sonar. Kinn er plassert i sone 3 – mindre press på areal. Oppsummert er retningslinjene her at det ikkje bør tillatast utbygging i område som har særskilt verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfold, kulturmiljø og landskap. I område der alt tilgjengeleg utbyggingsareal ligg innanfor 100-metersbeltet vil kommunen ha vidare adgang til å vurdere ny utbygging i strandsona. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal vektleggast i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsbygg.

Statlege planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane.

Føremålet med retningslinjene er å sikre at klima og energi vert vektlagt i planlegging etter plan- og bygningslova og anna myndigheitsutøving og verksemd i staten, kommunane og fylkeskommunane. Klima omfattar både reduksjon av klimagassutslipp, karbonopptak og -lagring og tilpassing til forventta klimaendringar.

Pkt 3 i retningslinjene seier:

«Statlige, regionale og kommunale organer skal i sin planlegging og enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven eller annen lovgivning legge til rette for:

- a) arealbruk og løsnings som reduserer klimagassutslippene, opprettholder arealenes evne til karbonopptak- og lagring og støtter omstilling til et lavutslippssamfunn*
- b) effektiv og fleksibel energibruk*
- c) utbygging av fornybar energi*

- d) en sirkulær økonomi
- e) at samfunnet og økosystemene forberedes på og tilpasses et klima i endring».

Havbruksstrategien

I forordet til Havbruksstrategien vert det lagt vekt på at Noreg har ei viktig rolle som produsent av berekraftig mat frå havet til verda og at havbruksnæringa er ei viktig og lønnsam distriktsnæring som kan være med på å utvikle lokalsamfunn langs kysten. Det framhevast vidare at Regjeringa har store ambisjonar for havbruksnæringa: «Skal Norge lykkes som havbruksnasjon fremover, må vi ha en lønnsom næring med konkurransedyktige rammevilkår. Vi må sikre god markedsadgang, og finne løsninger på bærekraftsutfordringer».

I kap 9. vert det peikt på at vekst i havbruksnæringa er ei klar ambisjon for framtida. Det vert her vist til den interdepartementale rapporten «Havbruk til havs» og stortingsmeldinga «Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett», Meld. St. 16 (2014-2015).

Når det gjeld akvakultur på land så står det kap. 8.3: «Det er i dag en betydelig interesse for akvakultur på land, og det foreligger mange søknader og planer om nye slike anlegg. Regjeringen vil fortsatt legge til rette for akvakultur på land. Det er viktig at Norge skal kunne posisjonere seg som en teknologileverandør til landbaserte matfiskanlegg».

2.2 Regionale føringar

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi

Mål 1 og 2 er særleg relevant for planarbeidet:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Særleg strategiane 1.2 og 1.3 knytt til målet er relevant:

- 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap
- 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Særleg strategiane 2.1 og 2.2 knytt til målet er relevant:

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar

Regional plan for klima 2022-2035

Dette er ein overordna og langsiktig plan for klimaarbeidet i Vestland som region fram mot 2035. Klimaplanen er eit verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet.

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018–2029

Målet med regional strategisk plan for kysten er: «Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande». Særleg strategiane 2, 3, 4 er relevant:

- 2. Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone: Marin grunnkartlegging slik at best eigna areal vert satt av til næringsutvikling.

- 3. Knyte saman kysten med betre infrastruktur. Dette er avgjerande for å auke attraktiviteten for næringsutvikling og busetjing.
- 4. Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021- 2033

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 (Vestland Fylkeskommune, 2021) har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Næringsplanen har fire hovudsatsingar som er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane.

Her er visjonen og måla i planen:



Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027

Vassforvaltningsplanen gir ei oversikt over miljøtilstanden i alt vatn og kva dei største miljøutfordringane er. Planen fastsett miljømål for elvar, bekker, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Vatnet skal forvaltast i tråd med miljømåla som er sett i planen.

2.3 Kommunale planar og føringar

2.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2023 og rullering av samfunnsdelen

Visjonen i samfunnsdelen er «Kinn- handlekraft på kysten» Det er tre satsingsområde:

- *I Kinn tek vi vare på naturen og er klima og miljøvennlege*
- *Det er attraktivt å bu, besøke og drive næring i Kinn. Kystkvalitetane og kystressursane gir oss fortrinn*
- *Alle har det bra der dei bur og får i alle aldrar tenester i nødvendig omfang og kvalitet.*

Under arealstrategien i samfunnsdelen er særleg følgande aktuelt:

1. *Vi vil legge stor vekt på betre utnytting og fortetting i allereie utbygde område*
4. *Utbygging av strandsona bør skje mest mogleg konsentrert. I allereie utbygde område, der forholda tillèt det og konsekvensane ikkje blir negative, kan det vere aktuelt å nytte strandsona til bustad-, fritids- og næringsbygg*

Samfunnsdelen er under rullering. I forslag til ny samfunnsdel legg ein vekt på at kommunen skal vere attraktiv for tilflytting og næringsetableringar. Visjonen er «Saman har vi handlekraft på kysten». Det står vidare: *Saman med deg, lokalsamfunn, lag og organisasjonar, næringsliv, stat og fylkeskommune skal vi gjennom handlekraft gjere Kinn til ein betre stad å bu, besøke og drive næring.*

Under arealstrategien i forslaget kan særleg pkt 4 og 5 vere relevant for dette planarbeidet. Pkt 4 er det same som i gjeldande samfunnsdel. I pkt 5 står det:

5. *Vi skal ha ein arealpolitikk som sikrar kommunen sitt nærings-, sysselsettings- og verdiskapingsgrunnlag*


2.3.2 Kommuneplanens arealdel 2017 – 2027 (KPA) og rullering av kommuneplanens arealdel

I gjeldande kommuneplan er heile området for Lyngholmen – Langholmsundet avsett til næringsverksemd, noverande. Heile øya Rota er vist som «Bebyggelse og anlegg» - framtidig BA1, sjå Figur 2-1. I følge føresegnene til KPA gjeld dette for BA-føremålet:

«Bggjeområde for bustader, fritidsbustader, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretning, offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, (råstoffutvinning), næringsbebyggelse, idrettsanlegg, uteoppfallsareal, grav og urnelund og kombinert bebyggelse og anleggsføremål».

Området har og omsynssone H710 «Område bandlagt for regulering». I planomtalen står det dette: *I forbindelse med utarbeiding av områdereguleringplan Florelandet Nord vart det vedtatt å låse bruken av dei tilliggande øyane Rota og Naustholmen gjennom bruk av bandleggingssoner for framtidig regulering.*

I referat frå oppstartsmøte for «Rota nord», møte 17.09.24, opplyser kommunen at intensjonen med BA1-området i KPA har vore tilrettelegging for næring i nord og mjukare byggeføremål sør.



Figur 2-1: Utsnitt av gjeldende KPA. Lilla område er næring, oransje område er generelt byggeføremål, BA. Illustrasjon: Norconsult Norge AS


Kommuneplanen er no under rullering og planforslag var på høyring 07.07.2023- 03.11.2023. I høyringsforslaget er Rota Nord i hovudsak vist som framtidig næringsområde Næ211 og området «Lyngholmen – Langholmsundet» er vist som eksisterande næringsområde, sjå Figur 2-2. For Næ211 står det følgjande i føresegnene: «Før det vert gjort tiltak i området må det inngå i detaljregulering. I reguleringsprosessen må ein avklare påverknad på natur, landskap, strandsone, bybilet. Aktivitet og utforming må ikkje utelukke framtidig bustad på sørsida av Rota».

Det går fram av planomtalen at NÆ211 vart frårådd i konsekvensutgreiing, men likevel tatt inn i plankartet med følgjande grunngjevnad: «Feltet er likevel innarbeidd i forslag til plan. Det er lagt vekt på moment knytt til det grøne skiftet:

- Tiltaket vil vere i tråd med overordna mål om tilrettelegging for næring knytt til det grøne skiftet
- Det ikkje er tilstrekkeleg, tilgjengeleg og utbyggbart areal innanfor gjeldande reguleringsplanar for å fasilitere dei moglegheitene som ligg i næringane som blir viktige i det grøne skiftet i Florø.
- Næring på nord-sida av Rota er ei vidareføring/ oppfølging av intensjon i gjeldande kommuneplan for tidlegare Flora kommune».

I forslag til føresegner for ny KPA er det og andre forslag til føresegner som er relevante, særleg kan nemnast:

- næringsareal som ligg til sjø skal primært nyttast til sjøretta næring.
- Det skal leggst vekt på fargebruk som dempar fjernverknad.
- Krav om at ein ved lyssetting må unngå løysingar med stor spreiding av lyset.
- Ved utfylling i sjø må grunnforhold og områdestabilitet avklarast.



Figur 2-2: Utsnitt av planforslag ny KPA. Lilla område er næringsområde (lys lilla eksisterende, mørk lilla framtidig), oransje område er generelt byggeformål BA. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

Det er og foreslått nokre omsynssoner i området; flaum (pga. havnivåstigning), kvikkleire (pga. marin grense) og på Rota; bevaring natur.

2.3.3 Plan for klima, berekraft og naturmangfald 2022-2032

Planen skal integrere klima- og miljøarbeidet i heile kommuneorganisasjonen og samtidig legge til rette for at næringsliv omstiller seg. Kommunen skal også skape eit breiare samarbeid med innbyggjarane gjennom å legge til rette for klimavennlege val i kvardagen og gjennom gode medverknadsarenaer. Klimaplanen angår alle og skal bidra til at ein i fellesskap kan omstille kommunesamfunnet.

Planen har seks ulike innsatsområde:

1. Energieffektivisering
2. Redusert forbruk
3. Naturbasert klimatilpassing
4. Arealbruk og transport
5. Berekraftige byggeprosjekt
6. Integrering og samhandling

2.3.4 Trafikktryggingsplan 2021-2023

Visjon om at ingen vert skadde eller drepne på vegane i Kinn.

Kinn kommune skal fokusere på følgjande satsingsområde for det vidare trafikksikringsarbeidet i kommunen i perioden 2021 – 2030:

- Redusere talet på drepne og hardt skadde.
- Redusere talet på utforkøyringsulukker.
- Etablere samanhengande gangnettverk og leggje til rette for bruk av sykkel.
- Betre tilgjengelegheita til kollektivknutepunkt.


- Fokus på åtfærd- og haldningstiltak blant alle trafikantar men særleg barn og unge samt aldersgruppa 18-20 år.
- Arbeide for å bli godkjent som trafikkssikker kommune.
- Sette krav om universell tilgjenge ved utforming av fysiske trafikkssikringstiltak der dette er mogleg.
- Trygge skuleveggar og områder framfor skulen (Hiertesone).

2.4 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet for «Lyngholmen – Langholmsundet» er som nemnd omfatta av ein gjeldande områdeplan: «*Områdereguleringsplan – Florelandet nord, Næring*», planID 20110106, vedtatt i 2014 sjå Figur 2-3. Øyane i området er i denne planen satt av til naturområde - grønstruktur og sjøarealet mellom øyane som friluftsområde i sjø. Sjøarealet sør og aust for Langholmen er satt av som generelt føremål «Bruk og vern av sjø og vassdrag». Sørvest for Langholmen er det eit område satt av til farled.

Også områda like nord og aust for foreslått plangrense (raud linje på Figur 2-3) er omfatta av denne områdeplanen. Her er store område satt av til industri.

Nord for dette ligg planen «*Detaljreguleringsplan Naustholmen gbnr 27/86, Industri/ næring*», planID 20160103, vedtatt i 2018. Her er Naustholmen satt av til industri og areal rundt og sørvest for holmen er satt av til industri med faresone flaumfare. Rota er uregulert.




Figur 2-3: Gjeldande reguleringsplanar. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

3 Nærare om tiltaket/ utgangspunktet for planarbeidet

Det trengs generelt store areal til grøn næringsutvikling som landbasert oppdrett, hydrogen, biogass, trafostasjonar, logistikk, ferskvassforsyning og elektrisitet. Dette området er ein prioritert og godt eigna stad for fiskesatsing, der tiltakshavar planlegg å etablere storskala oppdrettsanlegg på land. Detaljane for bruken av området er ikkje avklara på noverande tidspunkt, men tiltakshavar estimerer at ein kan potensielt forvente mange nye arbeidsplassar. Både anlegg for stamfisk, yngel, settefisk, matfisk og slakteri/ foredling er aktuelt.

I området «Lyngholmen – Langholmsundet» er det ønskeleg å, gjennom utfylling, skaffe meir næringsareal sør for dagens regulerte næringsområde i «Florelandet Nord» og å etablere ein framtidig offentlig veg til Rota Sør. Utfyllingsareala er på om lag 182 daa og vil sikre nye utvidingsareal til Fjordbase og mellom anaa auke fleksibiliteten på «Hyfultomta» vesentleg. Internt i næringsområdet vil det gå ein eigen «næringsveg» som og vil gå fram til Rota nord der det og vil bli regulert næringsareal. Figur 3-1 viser nytt næringsareal på fylling med planlagde nye vegane (gule strekar), samt utviklingsområdet på Rota Nord. På Rota Nord vil ein sprengje ned terrenget slik at oppdrettsanlegget vert skjult sett frå byen. Massane frå Rota Nord er tenkt nytta i den nye fyllinga i aust slik at ein får kortreist, og berekraftig, massehandtering. Masseflyttinga kan skje utan at det påverkar eksisterande drift og arbeidsplassar på området. Det vil heller ikkje belaste offentlig vegnett.




Figur 3-1: Forslag til nytt næringsareal på fylling - gult område, forslag til nye vegar- gule linjer og døme på korleis området kan byggast ut/ få nye bygg – kvite boksar. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

Det er på Figur 3-1 vist nokre tenkte bygg i området. Bygningane som skal først opp er likevel ikkje avklara per dags dato i høve mengde, form og plassering. Det mest aktuelle å føre opp er truleg ein kombinasjon av driftsbygningar til landbasert fiskeoppdrett, lagerbygningar og tekniske installasjonar. Tanken er å danne eit større marint næringsområde som deler felles infrastruktur.

Vegen i sør må sjåast i samanheng med potensielle planar for områda sør for den nye fyllinga og på Rota Sør. Vegen er tiltenkt som eigen vegtilkomst for privatbilisme/sykkel/gange til Rota sør, skilt vekk frå

næringstrafikken. Ein kan sjå for seg at områda inn mot byen i framtida vert utvikla som eit område for «byutvikling, båtliv og rekreasjon», sjå Figur 3-2 og Figur 3-3 og at desse områda difor bør ha ein eigen tilkomst til almenne aktivitetar til dømes på st. Helena. I mellom desse områda og næringsområda i nord bør ein truleg etablere ein grøn buffer som ei «markagrense». Næringsområda i nord er foreslått med eigen «næringsveg».




Figur 3-2: Potensiell visjon for utviklinga i området. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

Å skilje vegsambanda vil gjere at ein unngår uheldige møteulykker mellom privatbilisme/mjuke trafikantar og den næringsrelaterte trafikken som vil gå inn og ut av området. Ved å kople vegsambanda saman med ein stikkveg aust på Rota vil ein og få omkøyringsmoglegheit ved behov.

I aust er det planlagd å fylle ut noko meir ved Langholmsundet for å danne fundament til ny bru til den sørlege vegtraseen. Det skal i framtidig situasjon framleis vere sjøpassasje mellom utfyllingane ved Langholmsundet.

Områda i sør på Rota er ikkje ein del av det som no vert regulert. Norconsult har likevel utarbeidd ein illustrasjon, sjå Figur 3-3 for å få fram at næringsutvikling på nordsida ikkje treng å vere til hinder for byutvikling på sørsida. Områda på sørsida kan ha ein klår funksjonell og landskapsmessig tilknytning til byen medan ein utviklar områda på nordsida til næringsføremål.



Figur 3-3: Visjon for korleis området som heilskap kan utvikle seg. Områda på sørsida kan ha ein klår tilknytning til byen medan ein utviklar områda på nordsida til næringsføremål. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

4 Viktige tema i planarbeidet

Berekraft

Heilskapleg berekraftig utvikling er eit sentralt tema dei statlege, regionale og lokale føringane for planarbeidet. Berekraft handlar om å balansere miljømessige, økonomiske og sosiale omsyn på ein måte som møter dagens behov utan å gå på kostnad av framtidige behov.

Prosjektet aktualiserer alle dimensjonane av berekraft. Ein ønskjer å legge til rette for næringsutvikling i form av lokal og framtidsretta matproduksjon, men er avhengig av å utvikle nye næringsområde med arealbeslaga det inneber. Det vil difor vere eit gjennomgåande fokus i planarbeidet å finne løysingar som legg til rette for sosial og økonomisk utvikling i område, samstundes som ein ivaretek miljø.

Hovudmåla for planarbeidet, samt FN sine mål for berekraftig utvikling, vil vere ei rettesnor for berekraft i planarbeidet. Ei vurdering av korleis tiltaket påverkar berekraft vil bli inkludert i planomtalen.

Vassmiljø og naturmangfald i sjø

Utfylling i sjøområda vil påverke det marine naturmiljøet på fleire måtar. Det vil vere naudsynt å avklare verdi, omfang og påverknad på dei ulike marine naturmiljøa. Det er allereie gjennomført marin naturkartlegging i området; Vedlegg 1 «Marint naturmangfold i sjøområder ved Rota, Sankt Helena og Gaddholmen», Norconsult 2024-1-12 som vil bli nytta som grunnlag. Det er og gjennomført ei sedimentundersøking; Vedlegg «Miljøteknisk sedimentundersøking – Havland, Norconsult 2024-12-18». Hausten 2024 er det gjennomført strømmålingar i området; vedlegg 3 «Datarapport strømmålingar», Norconsult 2025-01-15.

Sjøen i området er delt i to kystvatn- område i «Vann-Nett». Søndre del «Florevisa – Gaddevågen» er registrert med økologisk status moderat: «Antatt MODERAT/DÅRLEG miljøtilstand i store delar av VF (pga. skipsverft, avløp, hamn). Planlagt flytting av avløpsutslepp vil truleg betre miljøtilstanden mht organisk belastning. Skipsverftet er på gang med kartlegging og vurdering av tiltak/opprydding mht miljøgifter. Overvåkingsprogram Florø - data inn i vannmiljø i 2024». Kjemisk tilstand er dårleg: «Dårleg tilstand pga. ureina sediment rundt skipsverftet. Størst utslag på TBT, bly, kopar, nikkel, sink og diverse PAH-stoff, PCB, og enkeltstasjonar med høge verdiar for kvikksølv i austlege delen av VF, i vest er det lågare nivå av tungmetall, men likevel for høge verdiar av PAH, PCB og TBT». Målingar er utført i åra 2018-2023.



Botnafjorden - 0281010900-1-C

Show factsheet Zoom to

Ecological status Moderate

Chemical status Poor

Figur 4-2: Delar av Vassførekomsten "Botanfjorden" vist med lilla farge.

Framandartar i sjø


I 2013 er det gjort registrering av framandarten Havnespy (SE). Havnespy aktiviteten sitt område er beskrevet som skuggefulle område, som under kaiar, kan han finnast heilt opp i overflata. Arten trivst best på hardbotn.

Naturmangfald på land

Delar av dagens landareal vil verte påverka både direkte og indirekte av endringa. Det vil vere naudsynt å avklare verdi, omfang og påverknad på dei ulike naturmiljøa.

Som del av planarbeidet for «Lyngholmen - Langholmsundet, Rota nord» er det utført naturtypekartlegging (NIN)-kartlegging i området i 2024, sjå Figur 4-3. På Rota, Lyngholmen og Langholmen er det registrert kystlynghei, ein naturtype som er raudlista som sterkt truga. Dei fleste lokalitetane har låg til moderat lokalitetskvalitet, men kvalifiserer som «utvald naturtype» med svært stor verdi.

På St. Helena er det registrert tre separate område med naturbeitemark med låg lokalitetskvalitet, ein naturtype som er raudlista som sårbar. Det er og registrert eit område med naturbeitemark sør på Rota. Nordaust på St. Helena er det registrert strandeng med høg lokalitetskvalitet ein naturtype som og er raudlista som sårbar. Alle desse områda har stor verdi. Heistarr, ein art som er nær truga (NT) er vanleg i kystlyngheia i området og det er registrert ask (raudlista som sterkt truga - EN) på St. Helena. Utover det er det ikkje registrert raudlista karplanter i området.



Figur 4-3: Frå naturbase. Resultat frå NIN kartlegging 2024. Raude område har svært stor verdi, oransje område har stor verdi og gule område noko verdi. Illustrasjon: Norconsult Norge AS

Vilt

Planområdet vart i mai 2024 synfart for å avklare i kva grad området vert nytta som hekkeområde for sjøfugl. Det vart registrert fiskemåke, ærfugl (begge artar raudlista som sårbar), tjeld (nær truga - NT), svartbak og grågås (livskraftige – LC) som mogleg hekkande på sørsida av Rota og ved Langholmen. Område vil og inngå


i funksjonsområde for fleire andre artar mellom anna storskarv, toppskarv, gråhegre, siland, gråmåse, sildemåse og stokkand som er registrert i artsdatabanken.no i og ved planområdet. Meir sporadisk er det registrert raudlisteartane lomvi og storspove i området. Det er ikkje registrert viktige område for sensitive fugleartar i influensområdet for planen. Område inngår i leveområde for hjort.

Friluftsliv og rekreasjon

Av miljødirektoratet sine kartlag for verdsette og statleg sikra friluftslivsområde ligg det ikkje inne nokon treff i planområdet. Det er registrert eit viktig friluftslivsområde i sjøen rett nordvest for Rota nord, men dette ligg ikkje innafor tiltaksområdet til planforslaget, sjå Figur 4-4. Området er eit dykkeområde.

Det er gjort registreringar av tilgjengeleg strandsone i planområdet, sjå Figur 4-4. Heile Rota har potensielt tilgjengeleg strandsone langs sjøkanten. Som følge av tiltaket vil tilgjengeleg strandsoneareal på nordsida av øya utgå.

Nokre av områda der registreringane er gjort er i dag del av næringsområdet på Florelandet. Dei andre områda/øyene er i dag berre tilgjengelege frå sjø. Nokre av desse vil som del av planinitiativet bli tilgjengeleggjort frå land og vil dermed få auka potensiale som rekreasjonsområde.



Figur 4-4 Frå naturbase. Tilgjengeleg strandsone med blått og grønt (ulik helningsgrad), kartlagt friluftsområde med raud prikk.

Kulturminne

Kulturminna i området kan bli påverka både direkte ved arealbeslag og indirekte ved visuell påverknad.

Det er registrert eit automatisk freda kulturminne; eit skipsfunn, på Gjertholmen sørvest på Botnaneset, sjå Figur 4-5.


Det er vidare eit område med automatisk freda kulturminne i sjøen aust for Sankt Helena. Dette er eit funn av to flekkliknande avslag i kvartsitt (busetnad-aktivitetsområde). Funnet er gjort ved sjaking under vatn. Det er elles gjort sju registreringar av bygg og anlegg på St. Helena av eit individ – utan at desse anlegga per i dag er registrert med kulturminnestatus.

Nord for Lyngholmen er det registrert eitt arkeologisk minne under vatn med uavklart status (ikkje automatisk freda). Dette er eit lausfunn av fiskesøkke/ankerstein.

I sjøen ved søraustre del av Rota ligg det to automatisk freda skipsvrak. Desse ligg utanfor tiltaksområdet. I sørleg del av Rota er det og gjort ein god del registreringar av bygg og anlegg av eit individ – utan at desse anlegga per i dag er registrert med kulturminnestatus.

Det ligg ikkje registrerte kulturmiljø i området.

NGU sine databasar har ingen registrerte førekomstar av mineralressursar.



Figur 4-5: Utsnitt frå kulturminnesøk, austre del av planområdet øvst, vestre del nedst. Blå markeringar er registreringar frå privatpersonar.

Landskap

I dag består fjordkystlandskapet innanfor tiltaksområdet av fleire øyar og holmar som ligg i sjøarealet mellom Florø by i sør og Gaddholmen/Perholmen i nord. Øylandskapet er i NIN-landskapstypar definert som *moderat bølgeeksponert småkupert kystslette med tettsted*. Øyane er prega av sporadisk kystvegetasjon, berg og skjær.

Med tiltaket ønskjer ein å legge til rette for vidare utfylling sørover frå dagen næringsområde med eit langsgåande grøntareal i sør. Grøntarealet skal koplust saman med attverande øystruktur i sør og danne eit nytt rekreasjonsområde med ulike tilbud for ålmenta, med fastlandstilknytning. Større landskapsmessige konsekvensar av planinitiativet er at Lyngholmen og Sant Helena vil delvis opphøyre som øy gjennom innlemming i ny utfylling. Landskapet på nordsida av Rota vil og bli vesentleg endra gjennom skjæring i terreng og utfylling i sjø. Eit av hovudelementa i denne planen er likevel at tiltaka på Rota Nord ikkje skal vere høgare enn fjellryggen som går mellom vest og aust på Rota, og på denne måten skjermar ein verksemda for innsyn frå sør (Florø).

Forureining og planering av terreng/fylling i sjø

Tilhøve til utslepp frå næringa vert handsama via anna lovverk enn plan- og bygningslova, mellom anna ureiningslova. Det er tenkt høg reinsegrad/berekraftige løysingar når det gjeld utslepp til sjø.

Det er ein føresetnad at ein gjennom dialog med statsforvaltar får avklara tilhøve ved fylling i sjø. Planarbeidet må gi tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for søknad om utfylling i sjø etter ureiningslova.

Tilhøve til forureining som er arealspesifikt som støy, lys, lukt vil bli vurdert og belyst i reguleringsplanen.

Massehandtering og klimagassutslepp

Som nemnd er massane som vert fjerna frå Rota Nord tenkt nytta i den nye fyllinga. Massebalansen i prosjektet skal dokumenterast. Uttransport eller til-transport av massar kan medføre klimagassutslepp då transport krev energi. Grad av dette avheng av kor mykje massar som må transporterast og kvar dei skal transporterast til/frå. Det vil bli utarbeidd ein massehandteringsplan som del av planarbeidet.

Massehandteringsplanen vil gi grunnlag for ein klimagasutgreiing. Andre utsleppskjelder vil og kunne inngå som ein del av klimagassutgreiinga som annan transport til/ frå området, utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid, utslepp som del av produksjonen/ bruk av energi m.v.

Lokalsamfunnsutvikling

WIS Holding sine planar for området er ei naturleg styrking av samlinga av grøne næringar på Gaddholmen/Naustholmen. Planane vil bidra til fastlandstilkopling til Rota og at Rota sør kan opnast for bustadutvikling ein gong i framtida. Samla sett er dette svært viktige bidrag til samfunnsutviklinga kring Florø by.

Regionale og nasjonale mål for utvikling

Samfunnsplanen til Kinn ser på den sjøretta næringa og arbeidsplassane knytt til desse verksemdene, som avgjerande for samfunnsutviklinga i kommunen. Med si sentrale plassering langs vestlandskysten er kommunen godt posisjonert for å kunne etablere ein sterk posisjon i det grøne skiftet. Kommunen har opparbeidd store sjøretta næringsareal, store ferskvassressursar, nøkkelkompetanse på blågrøn næringar og eit kraftoverskot på fornybar grøn kraft i eit gunstig prisområde.

Vestland Fylkeskommune har i «Grøn region Vestland» mellom anna peika ut Fjord base i Florø, Norges største forsyningsbase til oljeindustrien som ein strategisk maritim grøn hub. Basen har satsa stort innan

produksjon og bunkring av fleire nye energiformer for den maritime sektoren, med landbasert oppdrett av laks og torsk, i tillegg til montering og frakt av offshore vindturbinar.

Grøn Region Fjordane påpeikar at regionen generelt har lite nye tilgjengelege næringsareal og at det er behov for fleire nye framtidsretta areal.

For å sikre framtidig verdiskaping, eksportverdiar og velferd, er kampen om den grønne leiartrøya ein «must win battle» i Vestland.

Det arbeidast på alle nivå, frå internasjonalt til regionalt, for å skape fokus og handlingsrom som gjev vilje til investering og satsingar på nye, grønne industriar. Regjeringa har tatt grep for å auke tempoet i den grønne omstillinga i næringslivet gjennom blant anna satsinga «Grønt industriløft». Det blir gjennom dette løftet prioritert å satse framover på følgjande grønne områder: Havvind, hydrogen, batteri, maritim industri, CO2-handtering, skog og bioøkonomi, solindustri, og produksjonsindustri.

Samfunnstryggleik og risiko

Sidan planområdet er sjønært vil havnivåstigning og stormflo vere relevante problemstillingar som vert utgreidd i planarbeidet.

Då området ligg under marin grense må fare for områdekred utgreiast.

Akvakulturverksemd og tilknytte næringar kan medføre utslepp i sjø.

Utbygging i området vil føre til auka trafikk, både i anleggs- og driftsfasen ut over dagens situasjon. Det vil bli gjennomført trafikkanalyse.

Utbygginga kan også opne for tiltak som i seg sjølv representerer ein risiko og dette må avklarast.

Planarbeidet må sette rammer for å sikre tilstrekkeleg samfunnstryggleik internt i området og opp mot nærliggande område.

5 Utgreiingsprogram

5.1 Innleiing

Prosjektet utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), jf. plan- og bygningslova § 4.2 og forskrift for konsekvensutgreiing. Utgreiingstema og metode skal ifølgje forskrifta, tilpassast prosjektet sitt omfang og behov, og innehalde det som er relevant for ei kunnskapsbasert avgjerd i saka. Konsekvensutgreiinga skal tydeleggjere kva verknader prosjektet vil kunne ha for miljø og samfunn.

Det er ikkje nødvendig å utgreie tema som ikkje vert vesentleg påverka.

§ 21 i forskrifta har ei liste over tema det er aktuelt å utgreie. Vi vurderer at det er følgande miljøtema som er relevant å konsekvensutgreie i denne plansaka:

- Vassmiljø og naturmangfald –marint
- Naturmangfald på land (terrestrisk)
- Friluftsliv
- Kulturmiljø
- Landskap
- Klimagassutslepp

Som gjort greie for under kapitel 4 er det fare for at naturmangfald, vassmiljø, kulturminne, friluftsliv og landskap kan bli vesentleg påverka. Klimagassutslepp vert og tatt med som eit KU-tema særleg med tanke på massedisponeringa som skal skje i området.

I tillegg vil vi ta med samfunnstemaet «Lokale og regionale verknader» for å få fram kva tiltaket kan bidra med i høve til samfunnsutvikling i regionen, i kommunen Kinn og i Florø by.

Det vil bli utarbeidd ein støyrapport i planarbeidet, men det er ikkje vurdert som eit eige konsekvensutgreiingstema. Det er i hovudsak er anleggsfasen, med uttak og utfylling av massar, som vil gi støy og ikkje det permanente tiltaket. Støy på grunn av trafikk til anlegget kan og vere aktuelt å utgreie. Det er likevel langt til støyfølsame bygg og anlegg slik at verknadene av støyen i den permanente fasen vert avgrensa for desse. Det er difor ikkje sett på som eit konsekvensutgreiingstema. Støyrapporten vil kunne nyttast for å vurdere konsekvensar for konsekvensutgreiingstema som friluftsliv og kulturmiljø.

Lysforureining vil og inngå i vurderingane, men då sett opp mot om det får konsekvensar for konsekvensutgreiingstema landskap, friluftsliv og kulturmiljø. Dette tema inngår såleis i KU for desse tema og vert ikkje noko eige KU-tema.

Kommunen har i oppstartsmøtereferat kryssa av for at strandsone skal konsekvensutgreiast.

Miljødirektoratet ([Strandsone i arealplanlegging - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)) anbefaler at temaet strandsone vert sett samanheng med skildring av verknader på relevante fagområde og nemner; friluftsliv, landskap, naturmangfald, friluftsliv og/eller vassmiljø. Sidan tema strandsone vil bli fanga opp av konsekvensutgreiing av desse tema vert det ikkje eit eige KU-tema.

5.2 0 – alternativet og andre alternativ

0-alternativet, det vil sei det tiltaket/ planen skal konsekvensutgreiast opp i mot, vert i dette tilfellet satt til dagens situasjon, inkludert gjeldande reguleringsplanar i området; «områdereguleringsplan Florelandet nord» og «detaljreguleringsplan Naustholmen». Desse planane er relativt nye og utvikling i tråd med planane har starta opp. Vi ser det difor som realistisk at dei vil bli gjennomført.

Når det gjeld alternativsvurdering utover dette så kan det gjelde alternativ plassering av næringsareal utanfor føreslått planområde, eller det kan gjelde alternativsvurdering inne i føreslått planområde; som ulik plassering av vegar, bygg, utfylling m.v.

I samband med rullering av KPA pågår det no alternativsvurdering for vidare utvikling av næringsareal i området rundt Florelandet Nord. Alternativsvurdering for lokalisering av næringsareal vert difor fanga opp i den prosessen.

Det vil i løpet av planprosessen bli gjort vurderingar og justeringar kring plassering av vegar, bygg, utfylling mv. Dette vil likevel i hovudsak vere variantar av hovudkonseptet og vi legg ikkje opp til å konsekvensutgreie alle ulike variantar/ moglegheiter. I konsekvensutgreiinga for «Lyngholmen - Langholmsundet, Rota nord» legg vi til grunn at vi skal konsekvensutgreie eitt alternativ; det vil sei planforslaget slik det vert lagt fram.

5.3 Overordna metode

Denne konsekvensutgreiinga vil innehalde tre hovudtema

- Verknader for miljøtema
- Verknader for samfunnet lokalt og regionalt
- Vurdering om ein oppnår målsetningane med planen

For kvar av desse vil det nyttast eigen metodar skildra under.

I oppsummeringa vil dei samla verknadene for miljø og verknadene for samfunnet bli summert opp og synleggjort og sett opp mot vurderingane om måloppnåing.

5.4 Metode - miljøtema

Vi vil nytte miljødirektoratets metode M1941 til å konsekvensutgreie dei ulike miljøtema.

Konsekvensutgreiingstema – miljø	Dagens kunnskapsgrunnlag og behov for ny kunnskap	Metode
Vassmiljø og naturmangfald – marint Temaet handlar både om påverknad på forureiningstilstanden til vassresipienten og påverknad på marint naturmangfald.	For dagens kunnskapsgrunnlag sjå kapitel 4. Hovudregelen i M1941 er at ein skal gjere ny kartlegging av artar, naturtypar og miljøtilstand som del av konsekvensutgreiing. Unntaksvis kan likevel eksisterande kunnskap gi tilstrekkeleg informasjon om vassmiljøet og vassførekomstane. I dette tilfellet er det oppdaterte data om miljøgifter i området og det er nyleg (2024), som d el av planarbeidet utført marin kartlegging og sedimentundersøking i området. Vi vurderer difor kunnskapsgrunnlaget no til godt nok og ser ikkje at det er behov for ytterlegare undersøking for å	M1941. Utgreiinga vil utførast av fagkyndig med kompetanse og erfaring med utgreiing av naturmangfald.

	kunne gjennomføre konsekvensutgreiing etter M1941. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg.	
Naturmangfald på land (terrestrisk)	For dagens kunnskapsgrunnlag sjå kapitel 4. Hovudregelen i M1941 er at det skal gjerast ny feltkartlegging av naturmangfald. Unntaksvis kan likevel eksisterande kunnskap gi tilstrekkeleg informasjon om naturmangfaldet i planområdet. I dette tilfellet er det allereie gjort naturtype (NiN) kartlegging som del av planarbeidet. Området er og synfart for å avklare i kva grad området vert nytta som hekkeområde for sjøfugl. I samband med NiN-kartlegginga vart det registrert karplanter, mose og lav. Grundig undersøking av lav og mose vart ikkje gjennomført, men sidan det allereide er påvist stor og svært stor verdi etter NiN-kartlegging vert kunnskapsgrunnlaget vurdert som tilstrekkeleg å kunne gjennomføre konsekvensutgreiing etter M1941.	M1941. Utgreiinga vil utførast av fagkyndig med kompetanse og erfaring med utgreiing av naturmangfald.
Friluftsliv	For grov oversikt over dagens kunnskapsgrunnlag sjå kapitel 4. Det vil bli gjennomført synfaring som del av planarbeidet for å auke kunnskapsgrunnlaget. I tillegg vil det bli innhenta informasjon frå ulike databasar.	M1941. Utgreiinga vil utførast av fagkyndig med kompetanse og erfaring med utgreiing av friluftsliv.
Kulturmiljø	For dagens kunnskapsgrunnlag sjå kapitel 4. Det vil bli gjennomført synfaring som del av planarbeidet for å auke kunnskapsgrunnlaget. I tillegg vil det bli innhenta informasjon frå ulike databasar og skriftlege kjelder.	M1941. Utgreiinga vil utførast av fagkyndig med kompetanse og erfaring med utgreiing av kulturmiljø.
Landskap	For dagens kunnskapsgrunnlag sjå kapitel 4.	M1941. Utgreiinga vil utførast av fagkyndig med kompetanse og

	Det vil bli gjennomført synfaring som del av planarbeidet for å auke kunnskapsgrunnlaget. I tillegg vil det bli innhenta informasjon frå ulike databasar. Synligheitskart vil bli utarbeid.	erfaring med utgreiing av landskap.
Klimagassutslepp		M1941. Hovudfokus vil vere på utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid (massetransport, produksjon og transport av material).

Dei ulike miljøtema vert til slutt samanstilt i tråd med metoden skildra i M1941.

5.5 Metode – Arealbruksendringar og andre lokale og regionale verknader

Føremålet med utgreiing av arealbruksendringar og lokale og regionale verknader er å synleggjere kva samfunnsmessige verknader tiltaket kan få i Florø by (lokale verknader) samt i Kinn kommune og regionen elles (regionale verknader).

Konsekvensutgreiingstema – samfunn	Metode
Lokale og regionale verknader	Det vert tatt utgangspunkt i metoden for «Arealbruksendringar og andre lokale og regionale virkningar» i Statens vegvesen sin rettleiar V712, men metoden vert tilpassa til å ta for seg denne type tiltak/plan som vi har her. KUen vil ta for seg: - arealbruksendringar som skjer umiddelbart som følge av prosjektet, og potensielle framtidige arealbruksendringar som kan følge av tiltaket på lengre sikt. - Verknader på næringsliv samt arbeidsliv og arbeidsmarknad. - Verknader på busetnad/bustadattraktivitet. - Verknader på service og senterstruktur. - Potensielle miljøverknader som ikkje vert fanga opp av miljøtema som til dømes press på ubyggd areal.

5.6 Vurdering av måloppnåing

Det endelege planforslaget vil vurdert opp mot eit sett med mål for planarbeidet. Dei konkrete effektmåla for planarbeidet er satt med bakgrunn i nasjonale, regionale og kommunale mål med særleg vekt på dei som er lista opp under:

- **Nasjonale mål – Havbruksstrategien**
 - o Vekst i havbruksnæringa for å bidra til verdas mattilgang

- **Regionale mål/ strategiar - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi**
 - o Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap
 - o Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon
 - o Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
 - o Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar
- **Lokale mål/ strategiar – KPA samfunnsdel.**
 - o I Kinn tek vi vare på naturen og er klima og miljøvennlege
 - o Det er attraktivt å bu, besøke og drive næring i Kinn. Kystkvalitetane og kystressursane gir oss fortrinn
 - o Alle har det bra der dei bur og får i alle aldrar tenester i nødvendig omfang og kvalitet.

Mål for planområdet
Hovudmål: <i>Planområdet (Havland) skal ein vere nasjonalt leiande innan landbasert oppdrett med lokal produksjonskjede for heile prosessen frå yngel til matfisk.</i> <i>Planen skal bidra til å nå nasjonale og globale klimamål gjennom mest mogleg sirkulær verksemd og minst mogleg negativ påverknad på natur og miljø.</i> <i>Planen skal bidra til framtidsretta utvikling av næringsklynga rundt Havland Havbruk og Fjord Base.</i>
Effektmål: - Planen skal legge til rette for minimum om lag 400 daa nytt næringsareal - Nytt næringsareal skal i framtida fungere saman med eksisterande næringsareal i Florelandet nord / Fjord Base som eit samla næringsareal. Dette for å sikre synergjar mellom aktørane i næringsparken og heilskap i etablert infrastruktur. - Planområdet skal ha gode kommunikasjonslinjer tett på sjø - Produksjonen i området skal ha 20% lågare klimagassutslepp enn konvensjonelle anlegg i same bransje. - I planarbeidet vil ein etterstrebe minst mogeleg skade for natur, friluftsliv, kulturminne og landskap - Planen skal ikkje vere til hinder for at området på Rota Sør kan vidareutviklast med bustad eller annan byutvikling - Planen skal bidra til framtidige og trygge arbeidsplassar for Kinn kommune

5.7 Andre relevante tema som vil inngå i planarbeidet

Eigne rapportar:

- Områdestabilitet -rapport i tråd med NVE Veileder 1/2019
- Notat om havnivåstigning
- ROS-analyse.
- Massehandteringsrapport
- Støyanalyse
- Trafikkanalyse

- VAO-plan
- Notat om muligheter for fornybar energi og energiltak

Vil inngå som del av planomtalen:

- Løysingar for bygg, vegsystem, parkering, renovasjon, grønstruktur mm
- Verknader for landbruk (innmarksbeite på St. Helena)
- Verknader for barn og unge
- Helsepåverknad
- Påverknad for nærliggande bustader; utsikt, lysforureining m.v.
- Påverknad for farleia, og trygg ferdsle på sjøen.

Det er eit område registrert med grunnforureining i sjø sør for Langholmen «Weston Yard» med akseptabel tilstand med dagens arealbruk. Elles er det ingen registreringar om ureining i området. Det er ingenting som tilseier at steinen på Rota som er tenkt nytta i fylling i sjø skal vere forureina. Det vil difor ikkje bli utarbeidd grunnforureiningsrapport dersom det ikkje kjem fram nye opplysningar i løpet av planarbeidet.

6 Framdriftsplan og medverknad/ koordinering

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova. I tillegg til kontakten med planavdelinga er det ønskeleg å ha tett dialog med andre einingar i kommunen og andre offentlege aktørar undervegs i planarbeidet for å avklare problemstillingar og løysingar. Ein vil som minstekrav halde seg til plan- og bygningslova sine krav til medverknad, kunngjeringar og høyringar, men det er og aktuelt å kalle inn naboar, næringsdrivande og andre interessentar til møter i løpet av planprosessen for å sikre god dialog, og såleis redusere potensiale for interessekonfliktar.

Det er vil bli kalla inn til eit folkemøte ved offentleg ettersyn for å orientere om planane.

Omtrentleg framdrift vil kunne vere som følgjer:

	Tidsrom
Oppstartsvarsel og offentleg ettersyn av planprogram	Vinter 2025
Fastsetting av planprogrammet etter høyring	Vår 2025
Utarbeiding av planforslag	Heile 2025
Handsaming av planforslag med KU, og vedtak om offentleg ettersyn	Vinter/ vår 2026
Offentleg ettersyn av planforslag med KU, og folkemøte	Vår 2026
Revidering av planforslaget etter offentleg ettersyn	Haust 2026
Vedtatt detaljreguleringsplan med KU	Haust 2026

7 Vedlegg

- 7.1 RIM-01-RAP-Havland - Marinbiologisk undersøkelse**
- 7.2 RIM-02-RAP-Havland - Miljøteknisk sedimentundersøkelse**
- 7.3 RIM-03-RAP-Havland-datarapport-strømmålinger**
- 7.4 RIM-01-NOT_Registrering av sjøfugl Florø-Rota mfl**
- 7.5 RIM-02-NOT_naturtypekartlegging Florø - Rota mfl**